



Statens vegvesen

Fedje kommune
Kommunehuset
5947 FEDJE

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
15/235562-2

Dykkar referanse:
15/374 – 15/2390

Vår dato:
05.01.2016

Uttale til kommuneplanens arealdel kommuneplan for Fedje – kommune – revisjon 2015

Statens vegvesen viser til revisjon av kommuneplanens arealdel for Fedje kommune som er ute til offentlig ettersyn.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Arealplan – kartdel:

Fedje kommune har lagt ut ein revisjon av kommuneplanen som i stor grad tar inn areal som tidlegare har vore byggjeområde og LNF-spreiddområde i arealdelen. Areala grensar, med få unntak, til tidlegare avsette byggeområde. Vi har på bakgrunn av dette ikkje merknader til arealplanen.

Føresegner:

Det er opplyst at det er ei endring i føresegnene og den gjeld kvote for LNF-spreidd i Sildevågen. Dette har vi ingen merknad til.

Vi vil likevel nytte høvet til å påpeike at de har ei uklar føresegn som gjeld avkøyrslar og byggegrenser langs veg.

Føresegn 1.3 er formulert slik:

Den til ei kvar tid gjeldande Rammeplan for byggegrense til veg og avkøyring for Region Vest, skal leggjast til grunn for handsaming av avkøyring til fylkesvegar.

Langs fylkesvegane skal det leggjast til grunn ei byggegrense på 15 meter frå midtline. Heimel: pbl §§ 11–9 nr. 3 og 5.

Formuleringa bør vere: «er byggegrensa 15 meter frå midtline på veg». Ei slik formulering stadfestar at byggegrensa er 15 meter. Dette er i samsvar med rammeplanen.

Denne føresegna betyr at kommunen framleis ønskjer å behandle søknadar om dispensasjon frå byggegrense mot veg etter plan- og bygningslova. Utan denne føresegna er det Statens vegvesen som behandlar søknadar om dispensasjon frå byggegrense etter veglova. Statens vegvesen skal likevel ha saker til uttale som gjeld byggegrense langs fylkes- eller riksvveg fordi vi er «statlig(e) myndighet(er) hvis saksområde blir direkte berørt» jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Utover dette har vi ikkje merknader til revisjon av kommuneplan for Fedje.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.